

ÅRSMELDING FOR BØMLO TUR OG SOGELAG 2015

Bømlo T/S styre i 2015: Leiar: Norvald Nytveit, nestleiar: Bernt Emil Vika, kasserar: Øyvind Monsen, sekretær: Nancy Helen Olsen, styremedlem: Ivar Barane og Ellen Vold.

Laget hadde 5 ordinære styremøter i 2015.

Økonomi: Saldo pr 31.12.2015 var kr 153.900. Me har fått tildelt 20.000 kr i støtte frå Hordaland fylke til biletbok prosjektet. Vidare har me fått kr 10.000 frå anonym givar, kr 27.000 frå Finnås Kraftlag, kr 100.000 frå Vestenfjeldske bykreditts stiftelse, kr 25.000 frå Haugesunds sparebank og kr 46.000 frå Bømlo kommune.

Turen til Bergeseidet skjærtorsdag var svært vellykka. Veret var fint og mange deltok. Det vart brukt fleire utendørs reklameflagg, samt bordflagg inne for Haugesund Sparebank under arrangementet.

Det har også i 2015 pågått ein del dugnad/restaureringsarbeid: **Karinstova** er vaska og rydda. Huset vart ikkje malt slik tankjen var. **Fridtun** vart så og seie ferdig restaurert i 2015. **Kvernhuset** på Berge er også ferdig restaurert. **Bergeshuset** vart vaska innvendig.

Den 24 September var Bernt Emil Vika på kurs i produksjon av heimesider i Bergen. Den 13 November var han i Etne og presenterte Leidarsteidn 2015 på Sydvest bokfestival. Norvald Nytveit og Bernt Emil Vika vart valde til utsendingar på vegne av Hordaland sogelag til landsmøte i Landslaget for lokalhistorie i Bø i Telemark 29-31 Mai 2015.

Bømlo Tur og Sogelag har i 2015 mottatt følgjande gaver: ei gamal kiste gitt av Heine Vestvik, ein liten skulepult gitt av Stine Strand, to gamle kontorgjenstandar gitt av Håkon Størkson. Alle gjenstandane er plassert på Fridtun. Laget har og fått ei skrivebok kalla Avisa for barnelaget « Hedningebarnas venner» 16.6.1944. Boka vart gitt av Kerry Lønning og er plassert på arkivet i bygdatunet.

Laget arrangerte turstikonkurransen. Det vart laga hefter med kart over stiane, samt svarslippar. Det vart sett opp postkassar med bok på enden av dei ti stiane Bømlo tur og sogelag er ansvarlege for. Kvar bok hadde eit ord ein måtte ta vare på å fylla inn på svarslippen. Målet med konkurransen var å motivera barn, unge, vaksne og eldre til å komma seg ut. Fem gåvekort vart trekt blandt deltakarane. Me er fornøyd med fjor årets deltaking.

Laget betalte inn 1300 kr som andel i informasjonsskjermen i bygdatunet. Her kan også Bømlo T/S leggja ut informasjon.

Bømlo Tur og Sogelag har i året 2015 arbeidd vidare med biletboka. Me har kjøpt ein del flyfoto frå Johan Ottesen historiske fotoarkiv og forlag. Det har vorte halde rundt 15 møte i fotogruppa. Lokale bilete har vore samla inn . Me har fått sjå gjennom lokale bilete frå Lauritz Eide si fotosamling. Per Arne Lønning og Lars Inge Vestvik har og skaffa mange historiske bilete til prosjektet. Tekstar til boka har vore i produksjon.

Salget av Leidarsteidn i 2015 gjekk også bra. Heftet var ferdig ti julemessa i bygdatunet 14 november. Salget på messa gjekk svært bra. Totalt har salet av Leidarsteidn 2015 så langt vore rundt 600 eksemplarar.

14 og 15 Mars var Bømlo T/S vertskap for Hordaland Sogelag sitt årsmøte på Bømlo hotell på Rubbestadneset. Rundt 40 utsendingar frå sogelag rundt om i Hordaland deltok. Me fekk mykje skryt for godt og variert opplegg i høve årsmøtet.

Dag Lindebjerg heldt foredrag i bygdatunet 21 April.

Restaureringsnemda var på dagstur til Haugesund og Karmøy. Det var gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Eivind Lodden fekk tildelt æresmedlemsskap i Bømlo Tur og Sogelag.

Det vart halde ope for publikum i Hilleborgstova og Fridtun under kystsogedagane.

Representantar frå styret og dei ulike nemndene var samla til juleavslutning 27/11-15.

Det vart arrangert Polsk dag i bygdatunet. Deira kultur vart presentert på fleire måtar. Det var godt oppmøte.

Referent

Nancy Helen Olsen